vigo
Interkommunalt selskap

# Eksamen

24.november 2016

AKT2002
Administrasjonsfaget

**Programområde:** Design og Håndverk

Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. |
| **Vedlegg** | Ingen |
| **Informasjon om vurderinga** | Dette vert vektlagt i vurderinga av eksamenssvaret:<br>• Alle spørsmål er svart på.<br>• Grunngjevingar og refleksjonar rundt vala dine<br>• Spesielle tilretteleggingar til brukarane<br>• Relevante mål for kvar av aktivitetane<br>• Drøfting av samanhengar med grunngjevingar og refleksjonar |
| **Andre opplysingar** | • Når du løyser oppgåva må du beskrive dei vala du tar og gi ei grunngjeving for dei<br>• Du viser kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen ved å:<br>- Presentere og bruke fagstoff, og grunngje synspunkta og forslaga dine til løysing på oppgåva<br>- Trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingar i oppgåva<br>- Gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine<br>- Mestre relevante grunnleggande ferdigheiter<br>- Bruke eksempel der det er relevant<br>- Bruke fagterminologi på ein hensiktsmessig og etterretteleg måte |

# Oppgåve

Du er aktivitør på eit dagsenter for heimebuande. Brukarane er eldre og demente. Klara og Hjalmar er her fleire dagar i veka.

Du har fått i oppgåve å lage ein vekeplan for dette dagsenteret. Vekeplanen må innehalde ein fysisk, ein kognitiv og ein ADL-aktivitet.

Klara er 82 år. Ho er i fysisk god form og har ein byrjande demens.

Hjalmar er 87 år og bruker rullestol. Han har hatt eit hjerneslag og er delvis lamma på ei side av kroppen. Han kan stå med støtte og han kan forflytte seg ved eigen hjelp. På grunn av hjerneslaget har han dårlegare syn på den sjuke sida.

a) Lag ein vekeplan til brukarane på dagsenteret.
b) Grunngjev alle vala av aktivitetar du gjer.
c) Beskriv spesielle tilretteleggingar Klara og Hjalmar har behov for.
d) Sett opp mål for kvar av aktivitetane i vekeplanen.
e) Drøft samanhengar mellom aktivitet, kosthald og helse hos eldre.

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. |
| **Vedlegg** | Ingen |
| **Informasjon om vurderingen** | Dette blir vektlagt ved vurdering:<br>• Alle spørsmål er besvart<br>• Begrunnelser og refleksjoner rundt dine valg<br>• Spesielle tilrettelegginger til brukerne<br>• Relevante mål for hver av aktivitetene<br>• Drøfting av sammenhenger med begrunnelser og refleksjoner |
| **Andre opplysninger** | • Når du løser oppgaven må du beskrive de valgene du tar og gi en begrunnelse<br>• Din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å:<br>- Presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven<br>- Trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger<br>- Gjøre rede for resultatet/ konsekvensene av dine faglige valg<br>- Mestre relevante grunnleggende ferdigheter<br>- Bruke eksempler der det er relevant<br>- Bruke fagterminologi på en hensiktsmessig og etterrettelig måte |

# Oppgave

Du er aktivitør på et dagsenter for hjemmeboende. Brukerne er eldre og demente. Klara og Hjalmar er her flere dager i uken.

Du har fått i oppgave å lage en ukeplan for dette dagsenteret. Ukeplanen må inneholde en fysisk, en kognitiv og en ADL-aktivitet.

Klara er 82 år. Hun er i fysisk god form og har en begynnende demens.

Hjalmar er 87 år og bruker rullestol. Han har hatt et hjerneslag og er delvis lammet på en side av kroppen. Han kan stå med støtte og han kan forflytte seg ved egen hjelp. På grunn av hjerneslaget har han dårligere syn på den syke siden.

a) Lag en ukeplan til brukerne på dagsenteret
b) Begrunn alle dine valg av aktiviteter
c) Beskriv spesielle tilrettelegginger Klara og Hjalmar har behov for
d) Sett opp mål for hver av aktivitetene i ukeplanen
e) Drøft sammenhenger mellom aktivitet, kosthold og helse hos eldre